



Professor Nils Gilje tok for seg motstanden mot reformasjonen.

Ein hovudgrunn til den folkelege motstanden mot reformasjonen på Vestlandet var det store kyrkjeranet i Noreg.

Det understreka professor Nils Gilje frå Universitetet i Bergen under det tradisjonelle, historiske seminaret på Baroniet i dag. Det var godt besøkt og vart som alltid før leia av uskedelingen, professor Jørn Øyrehagen Sunde.

Han er og forskar og rådgjevar ved institusjonen, som han har vore sterkt knytt til gjennom mange år.

Professor Gilje minte om at inventaret i kyrkjene vart teke ut og ført til Danmark. Ikkje minst var irritasjonen stor over at Olavsskrinet i Nidarosdomen vart øydelagt. Her vest vart sølvkorseti Fana kyrkje sendt til København og smelta om. Gilje meinte også at den nye kyrkja ikkje tilfredstilte folkets behov.

I Noreg var det i indre Hardanger den fyrste ope motstand mot reformasjonen fann stad - nærare bestemt i Eidfjord. Motstanden spreidde seg etter kvart til Kinsarvik og Ullensvang. I Eidfjord engasjerte bøndene ein katolsk prest til å halda eigne gudstenester til erstatning for den lutherske som dei ikkje forstod. Styresmaktne var kritiske til denne utviklinga og tok til motmæle med sterke ord. Dei truga sogar med fredlysing, opplyste Gilje.

Temaet til seminarleiar Øyrehagen Sunde denne gongen var særtrekk i gudsbiletet i Sunnhordland samanlikna med Nordhordland og Hardanger frå 1642 til 1741. Han bygde på ein studie over 500 rettssaker og viste til at satan forsvann frå vårt område omlag 1700 - samstundes med at Gud vart allmechtig.

Fyrstekonservator ved Ryfylkemuset Ernst Berge Drange teikna eit bilete av Sunnhordlandskulturen og fyrsteamanuensis ved Universitetet i Tromsø Liv Helene Willumsen tok for seg trolldomsprosessar på 1600-talet i Finnmark og Skottland.

Av Ola Matti Mathisen



Professor Jørn Øyrehagen Sunde (midt på bildet) leia seminaret, men her lyttar han til kollega Nils Gilje. (Foto: Ola Matti Mathisen)